



Radøy kommune  
Radøyvegen 1690  
5936 MANGER

Saksbehandlar, innvalstelefon  
Helen Haaland, 5764 3080

## Forvaltningskontroll produksjonstilskot 2018 - oppfølging

Vi viser til brev frå Fylkesmannen datert 03.04.2019 om forvaltningskontroll av Radøy kommune. Kontrollen omfatta produksjonstilskot, avgrensa til ordninga tilskot til bevaringsverdige husdyrrasar av sau og geit.

Vi bad dykk sende dokumentasjon til Fylkesmannen på at 7 opplista føretaka har sau eller geit av bevaringsverdig rase med låst rasekode i Sauekontrollen eller Ammegeitkontrollen. Dette kan enkelt dokumenterast med ein rapport frå sauekontrollen. Dei som ikkje kan dokumentere dette har heller ikkje rett på tilskotet.

Vi fekk svar frå Radøy kommune 07.05.2019. Der viser de til at alle føretaka på lista har levert dokumentasjon. Av tilbakemeldingane ser vi at det er eit føretak, Jon Askeland, som ikkje kan dokumentere dyr med låst rasekode i sauekontrollen. Vi minner om at det er *rasane blæsa, dala, fuglestadbrogete, gammalnorsk spæl, grå trønder, rygja og steigar* er rekna for å vera bevaringsverdige. Gamalnorsk sau («villsau») er ikkje av dei bevaringsverdige rasane som har rett på tilskot.

Det er viktig at kommunen følgjer opp feil som vert oppdaga. Vi ber derfor vi om ei tilbakemelding om korleis de følgjer opp føretak som ikkje kan dokumentere at dei har bevaringsverdig rase. Vi viser til rundskriv 2018-30 kap 13 og 2018-31 kap 10.

Vi vil gjerne ha tilbakemelding så snart som mogleg, men på grunn av sommar og ferietider ber vi om tilbakemelding seinast **1. september**. Eventuelle brev/vedtak som vert sendt til føretaka vil vi gjerne ha kopi av.

Med helsing

Christian Rekkedal  
landbruksdirektør

Helen Haaland  
fylkesagronom

*Dokumentet er elektronisk godkjent*